



Temaplan for fysisk aktivitet 2016 - 2020

Anlegg, idrett og fysisk aktivitet



Høringsutkast

Dato: 10.01.2016

Forord

Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Sveio kommune 2016-2020 erstattar Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sveio kommune 2010-2014.

Kommunedelplanen vart vedteke av kommunestyret i Sveio sak 032/10 21. juni 2010.

Ei arbeidsgruppe med ein representant frå Sveio idrettsråd, ein representant frå Hovudutval oppvekst og kultur og ein representant frå kulturavdelinga (sakshandsamar og sekretær for gruppa), har arbeid fram forslag til temaplan.

Arbeidsgruppa vart oppnemnt av Hovudutval oppvekst og kultur i sak 018/15 18.05. 2015. Mandatet var å utarbeida framlegg til Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2019.

Kulturdepartementet har sett minstekrav til innhald for denne type plan. Planen skal innehalde:

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv
- Målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering av førre plan med resultatoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast reie for samanheng med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftslivsanlegg
- Oversikt over forventa kostnadar knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, områder for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde bør gå fram av relevante kart.(1)

Ein communal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit politisk dokument, og er meint å vera eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på området. Fysisk aktivitet og mosjon er ein av dei vanlegaste fritidsaktivitetane i befolkninga. Å vera fysisk aktiv er viktig, både for kvar enkelt si oppleving av glede og velvære, og i forhold til dei positive effektane trening har for den mentale og fysiske helsa. St. meld. 26 (2011-2012) *Den norske idrettsmodellen* slår fast at idrettspolitikken har eit særleg ansvar for målgruppene born 6-12 år og ungdom 13-19 år, personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.(2)

Gjennom fordeling av spelemidlane til fylkeskommune og kommune, ønskjer departementet å legge til rette for at det skal vera tilnærma lik tilgang på anlegg for befolkninga, uavhengig av kvar ein bur. Kva anleggstyper som blir bygde vil vera eit resultat av lokale behov og prioriteringar. Målet med anleggsutbygging er å gje flest mogleg anledning til å drive fysisk aktivitet og idrett. Det er viktig å ha anleggstypar som er i trå med aktivitetsprofilen til born og unge og at det blir satsa på anleggstypar som kan nyttast av mange og som gjer det mogleg å drive med eigenorganisert fysisk aktivitet.(2)

Klima- og miljødepartementet seier i *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv* frå august 2013, at det er ei målsetting at enda fleire skal utøve friluftsliv jamleg. Målet er at flest mogleg av befolkninga utøver friluftsliv og får oppleve glede, livskvalitet og god helse

gjennom dette, uansett kjønn, alder, kvar ein bur, etnisk bakgrunn og evne til å bevege seg fysisk. Den nasjonale strategien legg føringar på at born, unge, personar som er lite fysisk aktive, personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet i staten sitt arbeid med friluftsliv. Strategien legg og føringar i idrettsmeldinga om at anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet i kommunane, inkludert friluftsliv, skal vera førsteprioritet for den statlege idrettspolitikken dei nærmaste åra.(2)

I arbeidsgruppa si vurdering om kva som burde vektleggast i vår lokale temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2016-2020, har vi søkt å ha fokus på dei føringane som er gitt gjennom statleg idrettspolitikk. Det synest naturleg at desse føringane saman med fokus på området som er nedfelt i Hordaland fylkeskommune sin kulturplan *Premiss*: Kultur, der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv inngår som eige område, også gjennomsyrer vår plan.

Dei arealvurderingane som er gjort må tas inn i kommuneplanen sin arealdel for å få rettslege verknader. Det blir gjort ei årleg rullering av handlingsprogrammet for anleggsutbygging.

Temaplanen skal hindre at prioriteringar blir gjort ut frå kortsiktige behov og på bakgrunn av press frå særinteresser. Planen skal avklare Sveio kommune og organisasjonane sine oppgåver og ansvar, økonomiske pliktar ein har ved utbygging og drift av anlegg og områder for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

På vegne av arbeidsgruppa
Sveio

Marit Persen Liknes, rådgjevar kultur

INNHOLD

1.0 Innleiing

- 1.1 Planprosess
- 1.2 Planperioden
- 1.3 Mål med planen som styringsverkty
- 1.4 Generelle utviklingstrekk
- 1.5 Om frivillige

2.0 Begrepsdefinisjonar

2.1 Idrett

- 2.1.1 Nærmiljøanlegg
- 2.1.2 Ordinære idrettsanlegg
- 2.1.3 Interkommunale idrettsanlegg
- 2.1.4 Nasjonalanlegg
- 2.1.5 Rehabilitering av anlegg

2.2 Friluftsliv

3.0 Overordna føringer og målsettingar

3.1 Statleg idretts- og friluftspolitikk

- 3.1.1 Tilgjenge for alle/universell utforming
- 3.1.2 Estetikk og miljøomsyn

3.2 Fylkeskommunale føringer

3.3 Prinsipp for utbygging og tilrettelegging av aktivitet, anlegg og område i Sveio kommune

3.4 Kommuneplan for Sveio kommune

3.5 Lovverk

- 3.5.1 Lov om pengespill 1992
- 3.5.2 Lov om planlegging og bygesaksbehandling (plan og bygningslova) 2009
- 3.5.3 Lov om friluftsliv 1957 (Miljøverndepartementet)
- 3.5.4 Lov om forbod om diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven 2008)
- 3.5.5 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 1977
- 3.5.6 Kulturminnelova 1978
- 3.5.7 Kulturlova 2007
- 3.5.8 Lov om folkehelsearbeid 2012

4.0 Status og utfordringar

Evaluering av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009-2014

- 4.1 Overordna målsetting for kultur i planperioden
- 4.2 Utfordringar – virkemiddel og tiltak 2009-2014
- 4.3 Spelemiddelfond
- 4.4 Kommunalt tilskott
- 4.5 Gjennomførte tiltak i perioden 2009-2014
- 4.6 Gjennomførte tiltak som stod i førre plan, mein som ikkje er realiserte
- 4.7 Resultatvurdering

5.0 Spelemedlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg

5.1 Anlegg utan tilskott for friluftsliv og anlegg utan tilskott frå spelemedlane

6.0 Idrett

- 6.1 Symjing
- 6.2 Idrettslag
 - 6.2.1 Skyttarlag
 - 6.2.2 Fotball
 - 6.2.3 Volleyball
 - 6.2.4 Friidrett
 - 6.2.5 Innandørs idrett
 - 6.2.6 Orientering
 - 6.2.7 Golf
 - 6.2.8 Vassport
 - 6.2.9 Fart og spenning
 - 6.2.10 Hestesport
 - 6.2.11 Karate

7.0 Friluftsliv

- 7.1 Friluftsområde
- 7.2 Bade- og rasteområde
- 7.3 Skule- og nærmiljøanlegg
- 7.4 Sport- og fritidsfiske
- 7.5 Leikeareal
- 7.6 Friluftsliv som reiselivstilbod

8.0 Uorganisert aktivitet

- 8.1 Kommersielle treningsentre
- 8.2 Uorganisert aktivitet
- 8.3 Turkart
- 8.4 Merking og gradering
- 8.5 TELLtur

9.0 Natur, miljø og estetikk

- 9.1 Utmark
- 9.2 Kulturminne
- 9.3 Kulturminneplan

10.0 Utviklingstrekk i Sveio kommune

- 10.1 Folkehelseprofilen i Sveio kommune
- 10.2 Om befolkninga
- 10.3 Levekår
- 10.4 Miljø
- 10.5 Legevanar
- 10.6 Helse og sjukdom
- 10.7 Ungdom og fysisk aktivitet
- 10.8 Idrett og fysisk aktivitet hos vaksne

11.0 Idrettsanlegg

- 11.1 Anleggssituasjon
- 11.2 Drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg
- 11.3 Avsette driftsmidlar

12.0 Målsetting strategi

1.0 Innleiing

1.1 Planprosessen

Hovudutval oppvekst og kultur nedsette i mai 2015 ei arbeidsgruppe som skulle arbeida fram eit forslag til Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for perioden 2016-2019.

Arbeidsgruppa består av ein representant frå:

- idrettsrådet i Sveio, Belinda Teikari - leiar
- hovudutval oppvekst og kultur, Hege Steindal (før valet 2015) og Ingrid Pedersen Furdal (etter valet 2015)
- kulturavdelinga inkl. sekretærfunksjon, Marit Persen Liknes

Elevråda, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet, Sveio jakt, fiske og naturvernforeining, Folkehelsekoordinator, Hovudutval teknisk/næring, Plan og næringsavdelinga og Drift og vedlikehaldsavdelinga i Sveio kommune, Friluftsrådet Vest, Hordaland fylkeskommune og Frivillige lag og organisasjonar i Sveio kommune er høyringsinnstansar. I tillegg vil høyring bli annonsert i Haugesunds Avis og Vestavind, bli tilgjengeleg for gjennomsyn på nettsida til Sveio kommune og lagt ut i offentleg servicekontor.

1.2 Planperioden

Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 har ein kortsiktig og ein langsiktig del. Den kortsiktige delen, prioritert handlingsprogram, har eit tidsperspektiv på eit år og er grunnlag for kommunen sine søknadar om spelemidlar. Den langsiktige delen har eit tidsperspektiv på fire år, og gjev omtale av sentrale føringar, regelverk og lovverk, eit bilet av status og utfordringar, samt orienteringar om sentrale utviklingstrekk. I planen vert det avslutningsvis peikt på målsetting og strategi.

1.3 Mål med planen som styringsverktøy

Rundskriv v-35/93 er laga på bakgrunn av at det er viktig med samfunnsplanlegging som vernar om interessene til idrett og fysisk aktivitet i arealforvaltninga.

Kulturdepartementet har sett krav om eigne kommunale planar for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet for å kunne søkje om spelemidlar (rundskriv v-7/93). Dette for at anleggsutbygginga skal bli gjenstand for klare vurderingar av behov i høve samfunnsmessige og idrettspolitiske mål. Ein temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit styringsverktøy for å oppnå kommunen sine målsettingar på feltet.

Gjeldande kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009-2014 i Sveio kommune, blei utarbeidd og vedteken av kommunestyret i juni 2010. I dei påfølgande åra, har kommunen sendt handlingsprogram med prioriteringar av anlegg, som grunnlag for spelemiddelsøknadar til Hordaland fylkeskommune.

1.4 Generelle utviklingstrekk

Fysisk aktivitet har stor verdi for samfunnet og er spesielt viktig i ei tid der livsstil og aktivitetsvanar går i ei meir fysisk passiv retning. Den mest kritiske fasen viser seg å vera mellom 17 og 20 år, der andelen fysisk inaktive aukar med 24%. Undersøkingar elles viser at born (6-12 år) er mindre fysisk aktive enn tidlegare. Born som er aktive i eit mangfoldig utedørs miljø tileigner seg teoretisk lærdom lettare, får betre konsentrasjonsevne og betre motorikk enn dei som ferdast i eit sterilt miljø. Norden ligg dårlegast ann i Europa når det gjeld avsett tid til kroppsøving, derfor er

tilrettelegging for eigenorganisert fysisk aktivitet i buområda og i skulen sitt nærområde særskilt viktig.(2)

Stadig færre ungdommar (13-19 år) deltek på organiserte aktivitetar og er medlemmer i idrettslag. Vaksne som allereie er aktive, blir meir aktive (53% av befolkninga over 15 år), medan gruppa som er heilt inaktive blir stadig større. Belastningslidingar kostar det norske samfunnet om lag 40 milliardar kroner i året og gjennomsnittsvekta aukar. Vi står overfor ein generasjon som har lyst til å velje sjølv, og som vil stå utanfor organisert idrettsaktivitet. I følgje MMI 2000 melder ungdom tilbake som hovudårsak til at dei sluttar med idrett, at det er for seriøst og at det tek for mykje tid. Ein må tenkje gjennom korleis ein skal møte desse ungdommane på deira premissar. Gode møteplassar er viktige. Idrettsanlegg må vera meir enn ein stad å drive fysisk aktivitet, det må og vera ein god stad å møtast. Ein må ha eit mangfold av tilbod og dei må vera uforpliktande, slik at ungdommen kan vera fysisk aktive når dei vil.(2)



Foto: Ida K. Vollum

1.5 Om frivillige

Ein gjennomsnittskveld i Norge er om lag 30.000 vaksne, heilt frivillig og utan løn, med på å gje eit tilbod til 300.000 born og unge. Samla frivillig innsats berre innanfor idretten er anslått til 24.000 årsverk.(2) Det er viktig at Sveio kommune lettar arbeidet for alle dei som bidrar til å halde ulike aktivitetar i gang. Denne hjelpana kan bli gitt gjennom tilskottssordningar og ved å gje praktiske råd og hjelp. Det kan også bli gitt gjennom å legge til rette for gode ordningar og system som gjer frivillig arbeid enklare. Det kommunale forskoteringsfondet for spelemidlar til idrettsanlegg er i så måte eit viktig bidrag. Fondet gjer at frivillige lettare kan realisera bygging av ulike aktivitetasanlegg.

2.0 Begrepsdefinisjonar

2.1 Idrett

Med idrett forstår ein aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten. Anleggskategoriar er definert som følgjande:

2.1.1 Nærmiljøanlegg

Gjeld anlegg eller områder tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, først og fremst anlegg som ligg nært plassert bu- og/eller oppholdsområde. Kan lokaliseraast saman med skuleanlegg/idrettsanlegg. Områda skal vera fritt allment tilgjengeleg for born/unge.

2.1.2 Ordinære idrettsanlegg

Dei ordinære idrettsanlegga som har rett på tilskott frå spelemidlane er i hovudsak knytt til konkurranse- og treningsaktivitet for den organiserte idretten. Dei tekniske krava til mål og til utforming av anlegga, tek utgangspunkt i konkurransereglane til særforbund. Dei vert også nytta til uorganisert aktivitet.

2.1.3 Interkommunale idrettsanlegg

Det kan vera ressurs- og bruksmessig gunstig at fleire kommunar går saman om å byggje og drifte idrettsanlegg det elles ville vore vanskeleg å realisera innanfor ein kommune. Interkommunale anlegg er større kostnadskrevjande anlegg som til dømes symjeanlegg eller idrettshall. For å få tilskott frå spelemidlane til denne type anlegg, må det vera inngått ein skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar for investering og drift. Kvar kommune må skyte inn minimum 5% av den godkjente kostnaden i investeringstilskott. Kvar kommune må i tillegg skyte inn minimum 5% av årlege driftskostnadar i anlegget gjennom årlege tilskott i 20 år. Departementet godkjenner om eit anlegg oppfyller vilkåra.(3)

2.1.4 Nasjonalanlegg

Nasjonalanlegg er idrettsanlegg som tilfredsstiller tekniske og funksjonelle standarkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar. Ordninga er avgrensa, og det er Kulturdepartementet som etter uttale frå Norges idrettsforbund og Olympiske komité, som gjev eit anlegg denne statusen.

2.1.5 Rehabilitering av anlegg

Gjeld istandsetting av anlegg som gjev ein vesentleg forbetring i høve funksjon og standard i forhold til situasjonen i dag. Det kan bety inngrep i struktur og utforming av anlegget, for å tilpasse det til nye funksjonar og bruksområde. Føresetnaden for å få spelemidlar til rehabilitering av anlegg er at tiltaket gjev vesentleg betre tilhøve for utøving av idretten og at ombygginga ikkje skuldast mangfull planlegging, feil drift eller dårlig vedlikehald.(3)

2.2 Friluftsliv

Friluftslivet blir definert som «opphold og fysisk aktivitet i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevelingar» (Miljøverndepartementet T-1474 «Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse».)

Kulturdepartementet har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet. Fritida står i kontrast til arbeidstida. Det er i fritida vi samlar overskott og kan la dei daglege bekymringane bli skjøve til side og der store problem kan opplevast som mindre.

Friluftsliv er å komme bort, i tillegg til å komme til noe. Uansett kor ein ferdast på tur, har ein opplevd natur – og kulturlandskap, sett dyr, plantar, kulturminne eller gått langs gamle vegar eller nye stiar og vegfar.

Historisk sett er friluftslivet i Norge blitt styrt gjennom den private sfæren, der friluftslivet sine fremste talspersonar stort sett har kome frå middelklassen- og overklassen. Motstanden mot å gjere friluftslivet til eit statleg ansvar har vore stor. Det var ikkje vilje tidlegare til å søkje om offentleg støtte for å fremje og betre friluftslivet sine vilkår. Det er no ein aukande oppfatning at den nære naturtilknytinga som har prega livet i Norden, har set djupe spor i følelses livet vårt. At menneske blir påverka av å vera i naturen, og at naturen har potensiale både til å førebygge og handtere stress, lindre smerte og krise, mental oppbygging, har fått breiare støtte og er vitskapeleg dokumentert (T-1474). Døme på friluftsliv er fotturar, skiturar, bær- og soppturar, fisketurar, bading, båtliv, skøyter, løpe- og joggeturar, turorientering, sykkelturar og rideturar.



Foto: Ida K. Vollum

3.0 Overordna føringar og målsettingar

3.1 Statleg idretts- og friluftslivspolitikk

Å framheve at idrett og fysisk aktivitet både har ein eigen verdi og ein nytteverdi, har tradisjonelt vore framheva som viktige årsaker til statleg medverknad og støtteordningar til idrettsføremål. Synet på eigenverdien i idretten tek utgangspunkt i at det sentrale er sjølve opplevinga av å utøve aktivitet. Glede og mestring er sentrale omgrep i samanhengen. Eit anna hovudargument er at det å vera aktiv idrettsutøvar ofte er det same som å delta i eit fellesskap. Dette er verdifullt både for utøvar og for samfunnet, gjennom etablering av nettverk og i frivillige organisasjoner. Fysisk aktivitet i befolkninga er viktig. Både i høve den einskilde oppleving av glede og velvære, og i forhold til dei positive effektane trening har for den mentale og fysiske helsa. Fysisk aktivitet har stor innverknad på born sine motoriske ferdigheter. Staten har som mål at alle skal ha høve til å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon. I St. melding nr 26 (2011-2012) *Den norske idrettsmodellen* er det framheva at staten gjennom sin idrettspolitikk bør ha eit særleg ansvar for gruppa born (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Det blir satsa ekstra på personar med nedsett funksjonsevne og til å bidra til målretta satsing for å nå inaktive. Det går fram av idrettsmeldinga at det ved framtid anleggspolitikk vil bli prioritert anleggstypar der det mellom annan blir lagt vekt på brukspotensial, fleirbruk og å stimulera til eit mangfold i aktivitetstilbodet.

Når det gjeld statleg og nasjonal friluftspolitikk, lanserte Miljøverndepartementet i august 2013 Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging friluftsområde og nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv.

Endring av fordelingsnøkkelen for spelemedialar tek sikte på at satsinga på friluftsliv vert styrka. Kulturdepartementet vil prioritera anlegg for eigenorganisert aktivitet. Dette er anlegg som har eit stort brukspotensiale, og som vil bidra til å nå grupper som ikkje finn eit tilbod innanfor den organiserte idretten. Såleis vil det vera eit vesentleg bidrag for å styrke grunnlaget for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Gjennom fordelinga av spelemedialar til fylkeskommune, søker departementet å leggje til rette for at det skal vera tilnærma lik tilgang på anlegg for befolkninga, uavhengig av bustad. Kva anleggstypar som blir bygd, vil i første rekke vera eit resultat av lokale og regionale behov og prioriteringar. Mål med anleggsutbygging er å gje flest mogleg høve til å drive idrett og fysisk aktivitet. Anleggstypar som harmonerer med aktivitetsprofilen til born og ungdom må prioriterast spesielt. Vidare må det satsast på anleggstypar som kan brukast av mange og som kan gje høve for eigenorganisert fysisk aktivitet. Sjølv om den primære målgruppa er born og unge, er det viktig å leggje til rette for den eldre delen av befolkninga, som blir ein stadig større og meir fysisk aktiv gruppe.

3.1.1 Tilgjenge for alle/universell utforming

I handlingsplanen *Norge universelt utformet 2025 Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013* presenterte Stoltenberg 1 sin visjon om at Norge skal vera universelt utforma innan 2025.

Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at det kan brukast av alle menneske, i ein så stor utstrekning som mogleg, utan trong for tilpassing eller spesiell utforming. Dette motverkar diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne og gjev betre omgjevnader for heile befolkninga. Tilgjenge for alle gjev ein peikepinn på korleis kommunen gjennom planlegging ivaretar målsettinga om betre tilgjenge for funksjonshemma. Kulturdepartementet har utarbeida ein rettleiar for universell utforming av idrett- og nærmiljøanlegg. Tilrettelegging er ein føresetnad for tilskott frå spelemidlane. Kulturdepartementet legg plan- og bygningslova med forskrift til grunn for godkjenning av ulike typar idrettsanlegg.

Regjeringa si handlingsplan for større tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne (Arbeids- og sosialdepartementet og Miljøverndepartementet – 2004) legg vekt på at alle samfunnsborgarar skal ha like høve til personleg utvikling og livsutfoldelse.

Miljøverndepartementet har gitt ut rettleiaren Bygg for alle – Temarettleiring om universell utforming og planlegging etter plan og bygningslova (2009), slik at alle byggverk i størst mogleg utstrekning blir utforma etter prinsippa om universell utforming.

3.1.2 Estetikk og miljøomsyn

Idretts- og friluftslivsanlegg har ofte ei sentral plassering i lokalmiljø og landskap. Derfor må det stillast krav til utforminga av anlegg og område. Ved førehandsgodkjenning av planar for anlegg som vert bygde med offentleg støtte, skal dei estetiske kvalitetane vektleggast.(3)

I 2001 ga Kultur og kyrkjedepartementet ut rettleiaren *Idrettsanlegg og estetikk* (V-8096). Departementet ønsker med denne rettleiaren og eksempelsamling å stimulera til at dei estetiske aspekta blir tatt omsyn til på ein god måte ved planlegging, prosjektering og bygging av idrettsanlegg. Tiltakshavar (byggherren) har ansvar for at idrettsanlegg får ein god estetisk utforming. Utforminga av sentrale bygg bør viast spesiell merksemd. Utforminga av nærmiljøanlegg betyr mykje for folk si velferd og oppleving i det daglege. Lokalisering av nærmiljøanlegg om val av materialtype må vurderast nøye i kvar enkelt sak.

Kultur og Kyrkjedepartementet ønsker meir miljøvennlege idrettsbygg. For å stimulera til dette er det i heftet Miljøhensyn ved bygging og rehabilitering av idrettsbygg (V-0891) gitt råd til enkelte miljøråd for bygging og rehabilitering av idretts- og symjehallar. Utbygginga av idrettsanlegg kan komme i konflikt med kulturminnevernet. Derfor der det viktig at fylkeskommune og fylkeskonservator blir varsle om planlagde tiltak så tidleg som mogleg.

Bevaring av biologisk mangfald er ei overordna målsetting i den nasjonale miljøpolitikken. I arbeidet med tilretteleggingstiltak for område og anlegg for friluftsliv, er det viktig å ta omsyn til dette. Det kan oppstå konflikt mellom naturvern og biologisk mangfald på den eine sida og idretts- og friluftslivsaktivitetar på den andre sida.

3.2 Fylkeskommunale føringar

I Hordaland fylkeskommune sin nyleg vedtekne kulturplan «Premiss: Kultur», i delen som omhandlar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er målsettinga for området summert i 9 punkt:

Fysisk aktivitet:

1. Fleire born og ungdom skal vera i minimum 60 minutt dagleg fysisk aktivitet
2. Fleire vaksne skal vera i fysisk aktivitet minimum 150 minutt kvar veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet.

Idrett:

1. Born, ungdom og personar med særskilde behov, skal få eit variert aktivitilstilbod i idretten.
2. Unge, lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar skal få utvikle seg i lokalmiljøa/regionen.

Friluftsliv:

1. Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på born og ungdom.
2. Sikre og leggje til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til nærmeste turløype.

Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

1. Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vera tilgjengelege for folk i deira nærmiljø.
2. Anlegg for idrett bør vera knytt til skular og idrettsparkar.
3. Utvikle anlegg som tilfredstiller særidrettar sine toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap.(2)

3.3 Prinsipp for utbygging og tilrettelegging av aktivitet, anlegg og område i Sveio kommune

Følgjande hovedprinsipp skal gjelde for utbygging av anlegg og andre tiltak innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Sveio:

Auke den daglege fysisk aktiviteten og utnytte naturressursane i nærmiljøet.

Utvikle idretten og friluftslivet i samsvar med generelle samfunnsmessige målsettingar.

Sjå til at det er samsvar mellom temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og kommunen sitt budsjett.

3.4 Kommuneplan for Sveio kommune

Kommuneplan for Sveio vart vedteken 10/2011. I samfunnsdelen er det vist til at ein skal «*arbeide systematisk for å fremje trivsel og helse ved å leggje til rette for eit godt aktivitetstilbod og moglegheiter for friluftsliv i nærmiljøet. Det skal skje i samsvar med Delplan for idrett og fysisk aktivitet i Sveio kommune 2010-2014.*» (9)

3.5 Lovverk

3.5.1 Lov om pengespill 1992

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespel m.v *Pengespilloven* av 28.08.1992 nr 103. I §10 står det mellom anna:

«Overskuddet frå spillemiddelvirksomhet i selskap og datterselskap fordeles med 45.5% til idrettsformål, 36.5% til kulturformål og 18% til samfunnssnyttige eller humanitære organisasjoner som ikkje er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite. Midlene til idrettsformål og samfunnssnyttige eller humanitære organisasjoner som ikkje er tilknyttet Norges idrettsforbund og paralympiske komite fordeles av Kongen. Av midlene til kulturformål fordeles 2/3 av Stortinget og 1/3 av Kongen.»

3.5.2 Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova) 2009

Plan og bygningslova er eit verkty for samordna bruk og vern av ressursar og skal fremje ein berekraftig utvikling til det beste for det enkelte individ, samfunn og generasjoner i framtida. Planlegging og vedtak skal sikre ei open og forutsigbar handsaming, og medverknad frå alle som har spesiell interesse eller mynde. Det skal leggast vekt på langsiktige løysningar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal omtalast. Prinsipp om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og i det enkelte byggetiltak.

3.5.3 Lov om friluftsliv 1957 (Miljøverndepartementet)

Formålet med denne lova er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennhetens rett til ferdsel, opphold m.v i naturen, slik at det å utøve eit friluftsliv som er helsefremjande, trivelsskapande og miljøvennlig blir bevart og fremma. Allemandsretten er fundamentet for friluftslivet i Norge og er heimla i *Friluftslova* av 28.06.57. Allemandsretten gjev mellom anna rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark.

3.5.4 Lov om forbod om diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven 2008)

Lova trådde i kraft 1. januar 2009. Formålet med lova er å fremje likestilling og likeverd, sikre like høve og rettar til samfunnssdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

3.5.5 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 1977

Formålet med lova er ut frå eit samfunnsmessig omsyn å regulere motorferdsel i utmark og i vassdrag med sikte på å verne naturmiljøet og fremje trivsel i marka.

3.5.6 Kulturminnelova

Lova sitt formål er at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som ein del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Når det etter anna lova blir gjort vedtak som har påverknad på kulturminneressursane, skal det leggast vekt på denne lova sitt formål.

3.5.7 Kulturlova 2007

«Lova har til føremål å fastleggje offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturinntrykk.»

3.5.8 Lov om folkehelsearbeid 2012

Formålet med denne lova, er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, derunder utjamnar sosiale helseforskellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal leggje til rette for eit langsigkt og systematisk folkehelsearbeid.

4.0 Status og utfordringar

Evaluering av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009-2014.
Planen vart utarbeida av ei arbeidsgruppe med representantar frå Sveio idrettsråd, hovudutval oppvekst og kultur og administrativt tilsett på kulturavdelinga med særleg ansvar for idrett og friluftsliv. Planen vart lagt ut på høyring og innspel vart tekne inn i planen, før den vart endeleg vedteke av kommunestyret i desember 2008.
Handlingsprogrammet for utbygging av anlegg og område har vore rullert kvart år. Ansvar for utarbeiding av handlingsprogrammet og høyring av dette har vore lagt til administrasjonen. Det prioriterte handlingsprogrammet har vore lagt ut på høyring, handsama av Sveio idrettsråd og i politiske utval før det har vore vedteke av kommunestyret i deira siste møte kvart år.

4.1 Overordna målsetting for kultur i planperioden

Kultur er ei oppgåve for det lokale demokratiet, som verken er strengt statleg definert eller lovregulert. Politikarar og administrasjon har saman med dei friviljuge, ei felles utfordring i å sjå til at vilkåra for at kulturområdet kan utvikla seg og vera mangfaldig, ligg til rette.

Kultur er det området ein har størst fridom i ein kommune, kanskje og dermed størst ansvar for å utforma. Kulturplanen skal vera eit reiskap for dialog, utvikling og danne eit forpliktande grunnlag for politikarar og administrasjon i planperioden.

Bibliotek, kulturskule og Den kulturelle skulesekken er pålagde oppgåver . (Dei to første gjennom lov og den siste gjennom stortingsmelding.) For at ein skal kunne søkja spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv, må kommunen ha eigen plan for dette området.

Eit godt kulturtildi er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Sveio kommune er ein kommune i sterk vekst. Folketalet passerte i 2015 5.500 innbyggjarar. Veksten skuldast i stor grad tilflytting til kommunen, men og markert auke i barnefødslar. Kommunen og friviljuge lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Gjennom eit mangfald av lag og organisasjonar fordelt innan idrett, song og musikk, speidalar, 4H, religiøse organisasjonar, friluftslivsorganisasjonar, velforeiningar og bygdelag får innbyggjarane eit variert tilbod i kvardagen. Dei nedlagde skulane som blir nytta til grendehus og Vigdartun, er gode bidrag til auka aktivitet i nærmiljøa.(5)

4.2 Utfordringar – virkemiddel og tiltak 2009 – 2014

Det ligg eit stort unytta potensiale i å utnytte skulane sine område til fysisk aktivitet både i skuletida og til allment bruk på kveldstid. Det bør arbeidast aktivt med å informere, utvikle og skilte naturstiar og aktivitetstilbod som nyttast til uorganisert aktivitet. Tilstrekkeleg areal til idrett, friluftsliv og leik må sikrast gjennom arealplanar. Ein må vise stor merksemnd til drift og vedlikehald av anlegg. (5)

4.3 Spelemiddelfond

Sveio kommune etablerte i 2004 ordning for forskottering av spelemidlar til større idrettsanlegg. Mange utbyggjarar slit med finansiering av anlegg dei ønskjer å realisera. Forskotteringsordninga har vore eit viktig bidrag for utbyggjarane som normalt vil ha utfordringar med å forskottere spelemidlane for eiga rekning. Det er avsett 2 millionar på forskotteringsfondet kvart år, som vert nytta til utbygging av idrettsanlegg, heilt eller delvis finansiert gjennom private tilskott, dugnad, rabattar mm. Anlegg som krev store investeringar skal vurderast som eigne saker og i følgje retningslinene skal forskottering av eigne kommunale anlegg haldast utanom ordninga. Det er berre anlegg som har fått godkjenning etter gjeldande reglar for spelemidlar det forskotterast spelemidlar til. Få å få forskottert spelemidlar må søknad vera handsama av fylkeskommunen og førehandsgodkjenning må ligge føre. (10)

4.4 Kommunalt tilskott

Framlegg til utbygging av nye anlegg er i hovudsak basert på ønskjer frå dei ulike utbyggjarane. I Sveio kommune har det vore tradisjon sidan 2005, at kommunen yter tilskott til bygging av anlegg. Summen utbyggjarane har fått disponera, er tilsvarande det kommunen får i meirverdikompensasjon på investeringa ved bygging av anlegget. Utover dette har kommunen normalt ikkje bidratt med investeringsmidlar til bygging av idrettsanlegg pga den økonomiske situasjonen. Det er ei stor utfordring for kommunen å gje tilskott til kostnadskrevjande idrettsanlegg, som fører med seg driftsutgifter.

4.5 Gjennomførte tiltak i perioden 2009-2014

Når det gjeld gjennomføring av mål sett for planperioden, er nokre mål realiserte og andre ikkje. Nokre av nærmiljøa og ordinære anlegg er bygde og andre ikkje. Dei prosjekta som er gjennomførte har motteke spelemidlar og er fullfinansierte. Årsak til at nokre tiltak ikkje er gjennomførte, er anten manglende økonomiske ressursar eller mangel på at nokon har teke initiativ til å realisera tiltaket. Tiltak frå kommunedelplan 2009-2014, som ikkje har fått spelemidlar, er tekne med vidare i arbeidet med ny temoplan.

Tiltak som er realiserte i perioden:

Anlegg	Stad	Spelemedlar	Kostnad	Utbyggar
Ballbinge	Auklandshamn	Kr. 200.000	Kr. 466.000	Fau Auklandshamn skule
Tennisbane	Auklandshamn	Kr. 36.000	Kr. 80.000	Auklandshamn bygdelag
Ballbinge	Buavåg	Kr. 200.000	Kr. 438.000	Bua Ungdomslag
Turveg	Haugaland golfbane	Kr. 700.000	Kr. 2.250.000	Haugaland golfklubb/Sveio kom
Kunstgrasbane	Sveio sentr.idr.anlegg	Kr. 2.500.000	Kr. 8.904.200	Sveio IL/Sveio kom
Ballbinge	Lid skule	Kr. 200.000	Kr. 414.000	Fau Lid skule
O-kart	Ryvarden	Kr. 139.000	Kr. 278.100	Sveio O-lag
Kulturbyg	Vigdartun	Kr. 1.000.000	Kr. *	Sveio kommune
Aktivitetsanlegg	Sveiåsen	Kr. 92.000	Kr. 184.000	Sveiåsen Vel/Sveio kom
O-kart	Valestrand skule	Kr. 40.000	Kr. 79.100	Sveio O-lag
O-kart/nærkart	Valestrand skule	Kr. 31.000	Kr. 62.114	Sveio O-lag
Vatningsanlegg	Haugaland golfbane	Kr. 700.000	Kr. 2.150.000	Haugaland golfklubb/Sveio kom
Idrettshall	Vigdartun	Kr. 7.000.000	Kr. 21.000.000	Sveio kommune
Skytebane	Vigdartun	Kr. 596.000	Kr. 1.162.700	Sveio skyttarlag/Sveio kom
Multibinge	Vikse skule	Kr. 130.000	Kr. 260.300	Fau Vikse skule
Sum		Kr. 11.564.500	Kr. 41.229.410	

(*Søknadssum på bakgrunn av totalkostnad)

I tillegg er det bygd, men ikkje tildelt spelemedlar p.t til:
Klatrevegg og Nytt turkart - søker Sveio kommune

4.6 Tiltak som stod i førre plan, men som ikkje er realiserte:

Tursti, Slettene friluftsområde	Auklandshamn bygdalag (Ikkje aktivitet rundt søknad)
Rehabilitering/nybygg symjehall	Sveio kommune (Uavklart)
Rehabilitering av Sveio sentralidrettsanlegg	Sveio kommune (Uavklart)
Lys på tursti Haugaland golfbane	Sveio kommune (Blir arbeid med)
Utandørs toalettanlegg Ryvarden	Sveio kommune (Godkjent for tilskott frå spelemidlane, men ikkje gitt løyving. Ny søknad 2016)
Revisjon av o-kart Tveitalifjell og Sveio N	Haugesund o-lag (Uavklart)

I tillegg kjem diverse tiltak oppført som uprioriterte tiltak i førre plan:

Rehabilitering av klubbhus Sveio skyttarlag, opprusting av idrettsplass Valestrand, grusbane/kunstgrasbane i Førde, desentralisert utbygging av anlegg for friidrett, sjøsportsanlegg, motorsportsanlegg for trial, sikring av friluftsområde ved Viksefjorden og til Vigdarvatnet, rydde fiskestader langs bekker, merke fiskeplasser, betre gytetilhøve i bekker, skjøtsel av vassdrag og tilrettelegging universelt ved fiskeplasser.

4.7 Resultatvurdering

Tiltak er gjennomførte etter innspel frå frivillige lag og organisasjonar, FAU på skulane, velforeiningar og andre i tråd med kommunedelplanen sitt prioriterte handlingsprogram. Det står oppført ein del anlegg i langtidsplanen frå 2009-2014 som ikkje er realiserte. Ein årsak kan vera at det manglar økonomiske og/eller administrative ressursar eller at behov for innmeldt anlegg har falt bort. Opparbeiding av nærmiljøanlegg til uorganisert fysisk aktivitet har ikkje vore prioritert. Dette er dessverre eit område som blir forsømt: aktivitetane er i stor grad uorganiserte, dei aktive er i normalt ungdom som står utan nettverket ein organisasjon representerer og dermed utan vaksne til å hjelpe til med planlegging, finansiering og bygging av aktivitetsanlegg. Prioriterte tiltak er gjennomførte som planlagt og i samsvar med utbyggjarane sin økonomi, kommunen sin økonomi og etter tildelingar ein har fått frå spelemidlane.

5.0 Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg

Etter gjevne kriteria vert det gjeve tilskott frå spelemidlane til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og friluftsliv, samt nærmiljøanlegg. Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogleg kan drive idrett og fysisk aktivitet (eigenorganisert og/eller uorganisert). Dei viktigaste målgruppene for spelemidlar er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Anlegg i lokalmiljø som stimulerer og tilfredstiller born sine behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former blir særleg prioritert. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdommen sine behov for utfordring og variasjon. Det er viktig at ungdom blir gitt høve til medverknad i utforming av anlegg. Anlegga bør også fungera som gode sosiale møteplassar i samfunnet.

Tilskottsordninga til nærmiljøanlegg er utvida dei siste åra. Det blir fokusert sterkare på eigenorganisert verksemد og arena for denne type aktivitet. Anlegg i tilknyting til skulane sine områder går også inn under tilskott til nærmiljøanlegg.

Spelemidlane sin totale ramme varierer frå år til år, avhengig av overskottet frå Norsk Tipping AS. Hovudregelen er at anlegg som skal rehabiliterast eller nye anlegg får

statleg støtte på 1/3 av byggekostnad inkl. mva, avgrensa til kr. 700.000/1.000.0000. Til større kostnadskrevjande anlegg (t.d. symjeanlegg/fleirbruksshallar/kunstgrasbanar mm.) er tilskottet frå spelemidlane høgare. Nærmiljøanlegg får statleg støtte på 50% av byggekostnadane inkl. mva. Tilskottet er avgrensa opp til kr. 300.000. Minste tilskott er kr. 25.000. Friluftslivsanlegg som turvegar, stiar og turløyper får støtte på 50% avgrensa opp til 1 mill.

5.1 Anlegg utan tilskott for friluftsliv og anlegg utan tilskott frå spelemidlane

Friluftslivsmidlar er statlege midlar som blir fordelt av Hordaland fylkeskommune. Kommunen kan søkje om midlar kvart år til merking og gradering av turstiar, tilskott til sikring (oppkjøp av viktige friluftsområde/inngåing av varige servituttavtalar) og tilrettelegging av områda. I tillegg kan lag og foreiningar søkje om tilskott til friluftsaktivitet frå fylkeskommunen. Tilskottsordningane er omtalt på www.hfk.no. Gjensidigestiftinga har dei seinare åra gitt midlar til merking og gradering av turstiar.

6.0 Idrett

Anleggssituasjonen i Sveio kommune er relativt god. Dei fleste idrettane har god tilgang til treningsanlegg. Det er likevel trond for eit større mangfald av tilbod enn det vi ser i dag, kanskje mest for å opne opp for nye aktivitetar slik at ein kan nå andre enn dei som allereie er aktive. Det er stor trond for vedlikehald på nokre av dei eksisterande anlegga. For å få bygd anlegga, er ein avhengig av at den som har eit ønske om anlegget tek aktivt ansvar i heile prosessen frå planlegging, finansiering, søknad om eventuelle spelemidlar, bygging mm.

6.1 Symjing

Sveio kommune har eit basseng, 12.5x 8m på Sveio skule, opna i 1974. I løpet av dei seinare åra, har det vore utført mindre vedlikehald av bassenget for å oppgradere tekniske installasjonar og av omsyn til helse/miljø/tryggleik. Det har vore arbeid med avklaring om nybygg ved Sveio golfpark/Vigdartun eller rehabilitering av det eksisterande bassenget i fleire år. Kommunestyret la i økonomiplan 2016-2019 inn midlar til nytt symjeanlegg.

Ønska tiltak i planperioden:

Aktuelle tilskottssatsar ved nygg er tilskott frå spelemidlane: basseng (opplæringsbasseng 12.5x8.5m inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 3.500.000, basseng (treningsbasseng) 25x12.5m inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 15.000.000.

6.2 Idrettslag

Idrettsregistreringa 2015 viser at det er 7 idrettslag som er tilslutta Sveio idrettsråd, fordelt på 14 avdelingar med totalt 800 medlemmar. Av desse idrettslagene er eitt lag eit fleiridrettslag. Dersom medlemmene er aktive i to idrettsgreinar i ein foreining, er dette medlemsskapet tellt to gonger. Det er i tillegg registrert eit skyttarlag – Sveio skyttarlag og ein golfklubb – Haugaland golfklubb i kommunen. Idrettsregistreringa viser mellom annen fordeling av jenter/gutar fordelt på alder, som er registrert i idrettslagene: 6-19 år – 248 jenter/275 gutter, 20-25 år – 23 jenter/7 gutter og 26 år og oppover 67 jenter/141 gutter. Nyare forsking viser at stadig fleire kvinner vel å trenre på private treningsentre, framfor i organisert trening via idrettslag.

6.1.1 Skyttarlag

Sveio skyttarlag har i overkant av 150 medlemmar, av desse er 30 aktive skyttarar. Sveio skyttarlag er ikkje medlem i Sveio idrettsråd, men ein del av det frivillige skyttarvesenet. Skyttarlaget har fått ei oppblomstring etter at 15m skytebane med fem elektroniske skiver kom på plass på Vigdartun. Medlemene konkurrerer i fleire øvingar, både ute og inne. 15m baneskyting inne, feltskyting og baneskyting på 100, 200 og 300m ute. Ungdomsavdelinga i skyttarlaget er særskilt aktive. Medlemmane i Sveio skyttarlag deltek på fleire stevne gjennom året og nokre av juniorane har hevdat seg særskilt bra. Nokre medlemmer er aktive jegerar og nytter anlegget til skytetrening utanom jaktsesongen. I tillegg til innandørs skytebane på Vigdartun, disponerer laget utandørsanlegg i Førde, der nokre banar er relativt nye medan andre treng rehabilitering. Sveio skyttarlag har ønske om å rehabilitera klubbhuset og å fullføre oppgradering av eksisterande utandørsanlegg i Førde. I løpet av 2015 vil laget bli slått saman med Haugesund Skyttarlag, både for å få eit større miljø og tilgang til betre anlegg. Vidare utvikling av utandørs fasilitetar vil skje der. Det nye laget ønsker å få etablert ein 50m innandørs skytehall, samt ein elektronisk feltbane.

Ønska tiltak i planperioden:

Etablere oppgradering av klubbhus og fullføre oppgraderinga av utandørs anlegg i Førde. Ansvar Sveio skyttar og Haugesund Skyttarlag. Forventa spelemidlar: klubbhus maksimalt inntil kr. 1 mill, 1/3 av godkjent kostnad. Tilskott til utandørs skytebanar 1/3 av godkjent kostnad maksimalt kr. 1 mill.

6.1.2 Fotball



Kunstgrasbanen i Sveio sentrum. Foto: Ida K. Vollum

Fotball er den største avdelinga i Sveio IL med sine 279 medlemer, fordelt på 22 lag. I tillegg er det ei fotballgruppe i Valestrand IL med 29 medlemmar. Det er grasbane og kunstgrasbane i Sveio sentrum og på Sentralidrettsanlegget ved Vigdartun. I tillegg er det tre grusbanar i kommunen. Sveio kommune er eigar av alle anlegga. Sveio idrettslag har ansvar for drift av grasbane og kunstgrasbane. Norges

Fotballforbund opererer med ei banenorm som seier at det bør vera minst ei grasbane pr. 5. idrettslag, ei grusbane pr. klubb og ei kunstgrasbane i kommunar på storleik med Sveio kommune. Banene kjem i tillegg til mindre grusplassar som kan brukast av aldersbestemte klassar til kamp og trening.

Det er innmeldt ønske om at nærmiljøanlegget ved Førde skule skal innehalda fotballbane som tilfredstiller krav til aldersbestemte klassar (40x60m). Ein har planar om å opparbeida banen ved skulen med tilfredstillande banedekke og avgrensing, men her er det ikkje plass til større bane enn 20x40m. Det vert ikkje ytt tilskott frå ordning for ordinære spelemedilar til så små flater. Det bør derfor vurderast å bygge fleirbruk ballflate (ballspel, hopp, løp, kast og turn), som kan godkjennast for tilskott. Det er registrert førespurnad om plassering og reservering av tomt til fotballhall ved kunstgrasbanen frå Sveio IL. Dette vil bli vurdert i samband med arbeid med sentrumsplan og rehabilitering av Sveio skule med uteområde.

Ønska tiltak i planperioden:

Utvile ballplass ved Førde skule, ansvar Sveio kommune. Tilskott frå spelemidlane er inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000 for nærmiljøanlegg.

Fotballhall 40x60m pluss sikringssone og to sett garderobar, ansvar Sveio IL.

Forventa tilskott frå spelemidlane er inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 3.700.000.

6.1.3 Volleyball

Volleyball er ein stor idrett i Sveio IL, der det er registrert 97 medlemer.

Volleyballgruppa har 14 lag fordelt på ulike årsklassar. Volleyballgruppa har sin aktivitet i idrettshallen på Vigdartun. Det er ein stor utfordring for volleyballgruppa, at hallen vert nytta til annan aktivitet då dei har eit stort behov for tid i hallen. Stor aktivitet kombinert med minimalt med vask gjev til tider glatte golv i hallen, noko som kan føre til skade på spelarane.

Ønska tiltak i planperioden:

Det er ikkje meldt inn behov for anlegg.

6.1.4 Friidrett

Det er registrert 136 medlemer knytt til friidrett i Sveio IL i idrettsregistreringa.

Sentralidrettsanlegget i Sveio har friidrettsdel med fast banedekke. Det er omfattande trong for rehabilitering av banedekke og anlegget elles. Det har over fleire planperiodar vore meldt inn trong for midlar til rehabilitering og i økonomiplan 2016-2019 er det sett av kr. 1.2 mill formålet.

Ønska tiltak i planperioden:

Rehabilitere friidrettsdelen ved Sveio sentralidrettsanlegg, ansvar Sveio kommune, forventa tilskott frå spelemidlane inntil 1/3 av godkjent kostnad, avgrensa maksimalt til kr. 1.000.000.

6.1.5 Innandørs idrett

Utanom gymnastikksalane i kommunen er det i idrettshallen i Vigdartun lagt godt til rette for ulike idrettar som trener og spelar kamper innadørs. Sveio IL handballgruppa (21 medlemmar), Sveio IL volleyball (97 medlemmar) og Sveio klatrekubb (30 medlemmar) held til i idrettshallen på Vigdartun, i tillegg til aktive som driv med allidrett. Hallen kan delast opp i tre parallelle banar, noko som gjev gode treningsvilkår for fleire aktørar samtidig. Det er eit stort press på bruk av hallen, noko som har ført til at Sveio karateklubb har trekt ut av hallen i løpet av førre planperiode.

Sveio karateklubb (86 medlemmar) har no sin aktivitet i Sveio sambrukshus. Sveio skyttarlag (150 medlemmar) har fått gode treningsstilhøve i eigne lokale på Vigdartun. Den nye innandørs 15m skytebanen med 5 elektroniske skiver har sikra idretten ny rekrytting.

6.1.6 Orientering

Sveio o-lag har registrert 70 medlemer. O-laget er aktive og turorientering for heile familien er framleis ein populær aktivitet. Laget har tatt ansvar for å utarbeida nye orienteringkart i kommunen, noko som vart vidareført i førre planperiode. Klubben melder ønskje om å vidareføre kartproduksjonen, spesielt med fokus på nærbart. Sveio kommune er eit viktig orienteringsområde for Haugesund o-lag, som ønskjer å rehabilitera sine eksisterande kart for Sveio Nord og Tveitalifjellet. Haugesund o-lag vurderer eit eller fleire nye kart i kommunen.

Ønska tiltak i planperioden:

Revisjon av o-kart for Tveitalifjellet og Sveio Nord. Ansvar Haugesund o-lag.

Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700.000.

Produksjon av nye nær-/skule-o-kart. Ansvar Sveio o-lag. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000.

6.1.7 Golf

Haugaland golfklubb har om lag 850 medlemer, seniorar og juniorar.

Ungdomsgruppa er aktive og har dyktige spelarar i rekkjene. Golfflubben si heimebane ligg i Sveio golfpark. Golfbanen med 18 hol har status som interkommunalt idrettsanlegg for regionane Sunnhordland og Nord-Rogaland. Med drivingrange, klubhus med undervisningslokale/utleigelokale og proshop, turstiar og Folkesti, er området i Sveio golfpark eit moderne anlegg. For å styrke bruken av området m.a. for turgåarar, er det ønskje om å få på plass lys på delar av turstien. Dei ansvarlege for området er stadig på leit etter nye aktivitetar som kan gjere området meir attraktivt for andre enn golfarar. Det er ønskje frå golfklubben å få bygd ny øvingsbane/kortholsbane. Eksisterande øvingsbane ligg ugunstig plassert i forhold til annan golfaktivitet og er ikkje utforma slik ein den bør vera i høve nye krav.

Ønska tiltak i planperioden:

Øvingsbane/kortholsbane. Ansvar Haugaland golfklubb. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700.000.

Lys på tursti. Ansvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1.000.000.

Andre aktivitetsanlegg i Sveio golfpark, type nærmiljøanlegg, forventa tilskott frå spelemidlane inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000. Det kan fremjast inntil 3 søknadar om tilskott til nærmiljøanlegg innan eit område.



Sveio golfpark. Foto: Ida K. Vollum

6.1.9 Vassport

Trass i lang kystlinje og et uttal vatn, finns det ikkje nokre anlegg i Sveio der det er spesielt lagt til rette for vassport av noko slag. Sveio vannsportklubb er registrert med 14 medlemmar. Gruppa har dykking som aktivitet. Gjennom Friluftsrådet Vest har kommunen kjøpt inn kanopakke: hengar med 8 kanoar, vestar og årar og diverse friluftsutstyr. Hengaren står i Sveio golfpark og gratis å låne for lag og organisasjonar i Sveio. Publikum elles kan leige kanopakken. Vigdarvatnet er eit område for reakreasjon. Tilrettelagt tilkomst m.a med ei brygge for å gå ut med kano/kajakk hadde nok auka bruken. Det er ønskjeleg å få laga eit eige kart over Vigdarvatnet, som viser områder ein kan gå i land for å bade, telte m.m.

Ønska tiltak i planperioden:

Kart over Vigdarvatnet. Hovudansvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700.000.

Tilrettelagt tilkomst ved Vigdarvatnet. Hovudansvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000.

6.1.10 Fart og spenning

Motorsportaktivitetar har dårlege tilhøve i Sveio kommune. Etter ønskje frå ei gruppe interesserte, vart det tidlegare arbeida med å finne høveleg plassering for bane for radiostyrte bilar. Det er ikkje aktivitet på dette området etter det ein kjenner til. Det er ytra ønskje frå uorganiserte grupper ungdom å få bygd eit anlegg for BMX/trial.

Klatreveggen som er sett opp idrettshallen, er eit kjærkome tilbod til dei som søker utfordringar. For å bidra til at klatreveggen er attraktiv for brukarane, bør *ledane* endrast frå tid til annan. Det er ikkje klatrekubb i kommunen, men mange enkelpersonar bruker klatreveggen. Det bør arbeidast med å få organisert aktiviteten med tanke på å gje tilbod om klatring tryggare rammer både når det gjeld opplæring og sikring/vedlikehald av klatrevegg.

Ønska tiltak i planperioden:

Sikre motorsport eigna areal. Ansvar uklart. Forventa tilskott frå spelemidlane kostnad inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000. Kostnad utover kr. 600.000, inntil 1/3 tilskott av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700.000. Sikring, vedlikehald og endring av *ledar* på klatrevegg. Hovudansvar Sveio kommune. Kostnad her er ukjent.

6.1.11 Hestesport



*Ridekurs på Tjernagel.
Foto: Tjernagel leir og
fritidssenter*

Hesteinteressa er aukande og stadig fleire har eigen hest som fritids- og idrettsaktivitet. Sveio rideklubb har 34 registrerte medlemmar. Det er eit aktivt miljø, som driv med kurs og ridetilbod. Det er ridebanar i Valestrand, Sveio og på

Tjernagel. Anlegget på Tjernagel er eit privat anlegg, som blir nytta til leifar, kurs og ridetilbod for born og ungdom.

Ønska tiltak i planperioden:
Ingen planer er innmeldt.

6.1.12 Karate

Sentrums Karateklubb Sveio (SKKS) har sitt utspring i eit aktivt og kreativt karatemiljø i Sentrum Karateklubb i Haugesund. I 2004 vart det bestemt å satse på Sveio med «etter skuletid karate», det vart arrangert trening på skulane der elevane kunne gå rett frå skulen til trening. I januar 2007 vart det oppretta ein eigen klubb i Sveio. Sveio karateklubb tel no 86 medlemmar, som utanom treningar både er med i meisterskap og står som arrangør sjølv. Fleire av medlemane har vist godt igjen i fleire meisterskap gjennom åra.

Ønska tiltak i planperioden:
Ingen planer er innmeldt.

7.0 Friluftsliv

Sveio har eit rikt friluftsliv med skiftande natur, mange vatn, fjell og utmark og tilgang til sjø. Fleire område er lagt inn med omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan: Ryvardsmarka, Krokane omegn, grønt belte Ekrene-Holmalivatnet-Lindøy-Tveit, Apelandsneset, Emberlandsnipen omegn, delar av Eilerås, Liervatnet omegn, Oaneset, Buvika omegn, delar av Framnes/Rindane, delar av Hovda-Kvitaneset, Emberlandsnipen/Hinderli omegn, Straumøynappen, Holmar i Førdespollen, Slettene/Lambeldvågen og Trollavassnipen/Hopsfjellet. I samarbeid med lag og organisasjonar har Sveio kommune dei siste åra merka ein del turløyper, etter nasjonal merkestandard med tilskott frå Gjensidigestifta. Det står framleis att ein rekkje turstiar og områder som ikkje er merka etter standarden.

Det er viktig å ta vare på dei flotte utfarstområda i kommunen og sikre desse for framtida. Statens direktorat for naturforvaltning har i samarbeid med fylkeskommunar og kommunar sett i gang eit registreringsarbeid med sikte på å få registrert viktige friluftsområde ein tenkjer bør sikrast i framtida. Det er signalisert at gjennomført registrering av friluftsområde og verdsetting av desse, vil bli eit vilkår for tildeling av midlar til statleg sikring etter 2018. Å få kartlagt friluftsområde i Sveio kommune bør difor vera ei prioritert oppgåve i neste planperiode.

Det er organisert friluftsaktivitet gjennom følgjande organisasjonar: Sveio jakt, fiske og naturvernforening, Sveio turlag og Sveio orienteringslag, 4H og speidalar. Det bør arbeidast for å rekruttera born og unge til friluftsorganisasjonane, t.d. gjennom etablering av Barnas Turlag.

Ønska tiltak i planperioden:
Fortsetje arbeidet med merking og gradering av turstiar. Hovudsvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå Gjensidigestiftelsen gjennom deira øyremarka midlar til tiltaket.
Informere aktivt om ferdelsreglar. Ansvar Sveio kommune.
Kartlegge viktige friluftsområde i Sveio, med tanke på framtidig sikring. Ansvar Sveio kommune. Forventa tilskott til kartleggingsarbeidet frå øyremarka tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Maksimalt tilskott kr. 60.000 etter søknad.
Etablering av Barnas Turlag. Hovudsvar Sveio kommune i samarbeid med organisasjonane. Det blir ytt hjelp og tilskott frå DNT til etablering.

7.1 Friluftsområde

Eit friluftsområde er eit avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeidning for allmennheten sin uhindra rekerasjon og opphold. Områda er vanlegvis erverva, opparbeida og vedlikehaldne av friluftsråd etter avtale med kommunen og kan vera parkanlegg, utvegar, lysløype, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar.

Inngrepsfrie naturområde i nærmiljøet f. eks kollar, slettar og bakkar kan også blir definerte som friområde. I kommuneplanen sin arealdel er friområde oftast vist som byggeområde på kartet, då dei kan sjåast på som ein del av dette formålet. I reguleringsplanssamanheng er friområde ein eigen kategori (jmfr. pbl. §25, nr. 4)



Friområdet Slettene i Auklandshamn. Foto Ellen Tveit

Det er sikra fire friområde i Sveio: Holsvika, Selsåsvika, Slettene og Leirvåg. Desse er det Friluftsrådet Vest som har forvaltningsansvaret for. I eit samarbeid mellom Auklandshamn Bygdelag og Friluftsrådet Vest er Slettene friluftsområde oppgradert i førre planperiode med fleire bruar. Friluftsrådet vest har meldt inn ønskjer om at dei ønskje føre opp brygge i Leirvåg i tillegg til at det er planer om å få lagt om stien til Leirvåg. Begge dei planlagde tiltaka her er for å lette tilkomst til områda. På delar av eksisterande sti til Leirvåg er det i førre planperiode lagt klopper over våte parti. Dette arbeidet er utført av Valestrand IL i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Utbyggingar fører til at mindre areal mot sjø er tilgjengeleg for alle, derfor er det viktig å sikre eksisterande område og vurdere nye med dette formålet. Det har vore uttalt ønskje over mange år å sikre Mjelkeneset ved Vigdarvatnet og eit område ved Viksefjorden som friluftsområder, mellom anna for å legge til rette for bading. Gjennom tilskott for Statens direktorat for naturforvaltning, etter søknad frå Friluftsrådet Vest, fekk ein i førre planperiode midlar til sikring av Mjelkeneset. Arbeidet med sikring har stoppa opp m.a. på grunn av manglande midlar til ny reguleringsplan for området.

Ønska tiltak i planperioden:

Sikre Mjelkeneset. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest.
Sikre og legge til rette badeplass ved Viksefjorden. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Sikre område til Vigdarvatnet ved Fjon. Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Bygge ilandstigningsbryggje i Leirvåg. Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Rehabilitere naust/dagsturhytte i Selsåsvika. Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest.

7.3 Bade- og rasteområde

Friluftslivet i Sveio har gode føresetnadar. Det meste registrerte innan dette området kan betegnast som uorganisert fysisk aktivitet for både fastbuande, hyttefolk og turistar. Blant Sveio sine særlege kvalitetar kan nemnast:

- lett tilkomst til skog, fjell, vatn og sjø
- god plass og attraktive turområder med stort mangfold
- fiskevatn, bær og sopparsursar, fiske i sjø
- manglande tilrettelegging for vassport i sjø

Det største svakhetene ved friluftslivet i Sveio i dag er:

- knapphet på tilrettelagte badeplassar (tilkomst m.v.)
- därleg tilrettelegging for friluftsliv knytt til Vigdarvatnet

I tida framover kan følgjande forhold få negative konsekvensar for friluftslivet i Sveio:

- forureining/forsuring av vassdrag
- manglande vedlikehald av turstiar/løyper – attgroing
- færre og därlegare turområde pga utbygging
- auke av motorferdsel i vassdrag

For å møte truslar, redusere svakheter, ta vare på sterke sider og vidareutvikle friluftslivet i Sveio bør ein:

- ved større utbyggingar tidlegast mogleg krevje konsekvensutredning
- gjennomføre tiltak som sikrar betre/tek vare på vasskvalitet i vassdraga (kalking m.v)
- auke tilgang til sportsfiske (eit/større) kortområde
- auke bruken av vassdrag i friluftssamanheng m.a. ved å gjere vassdraga lettare tilgjengelege (stiar, skilting, opparbeiding, tilkomst) og ved å forsøk å betre kvaliteten på fisken i vassdraga (størleik)
- plan for stiar (prioritering/ansvar/standard)
- utarbeide informasjon (m.a. småkart/områdekart/turkort)
- drive fleirbruk (skog) og bevisst, langsiktig arealforvaltning
- halde motorferdsel i vassdrag innanfor akseptable rammar

7.4 Skule- og nærmiljøanlegg

Det er nærmiljøanlegg tilknytt alle skulane i kommunen. Nærmiljøanlegg som ballbinge er det på Auklandshamn skule, Førde skule, Lid gamle skule, Sveio skule og Vikse skule. Det er sandvolleyballbane i Buavåg og i Førde. Elles er det ønskje om vidare utbygging av ulike små aktivitetsanlegg ved skulane og nært bustadområde rundt om i heile kommunen. Utbygging av smålanlegg nært bustadområde og skular er viktig både i forhold til å tilrettelegge for eigenorganisert fysisk aktivitet i skuletida, på fritida og som sosiale møtestader for born, unge og vaksne.

Ønska tiltak i planperioden:

Gjennomføre utbygging av nærmiljøanlegg. Hovudansvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå spelemidlane inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000. Det

er mogleg å søkje inntil 3 gonger på ordninga innanfor eit avgrensa område. Eit skuleområde kan t.d. få inntil kr. 900.000 i spelemiddeltilskott.

7.5 Sport – og fritidsfiske

Det er fiskekortordningar i Vigdarvassdraget, Leirvåg og Langavatnet (rullestolbryggje). Skjøtselstiltak blir utført i regi av grunneigarlag i samarbeid med kommunen. Vasskvaliteten er stort sett bra. Det er imidlertid dessverre påvist vasspest i Åsevatnet og Vigdarvatnet. Bruken av vatna bør regulerat, slik at ein hindrar spreiling til enda fleire vatn. Dei fleste vatna i kommunen har fisk, ein del vatn har større populasjon enn ønskeleg. Observasjonar fortel om at det er sett ut karpefisk i fleire vatn i Sveio. Karpefisken er ikkje ein naturleg art i det biologiske mangfaldet og høyrer ikkje heime i våre vatn. Bekkar og elvar er rike på aure og ofte eigna til fiskeplass i nærmiljøet, men er ofte lite tilgjengeleg pga kratt og andre hindringar. Det er stort sett grei tilgang til fiske i sjø frå land, men lite tilbod for dei som vil fiske frå båt. Det bør lagast rampar til å sjøsetja mindre båtar fleire stader i kommunen. Det er eit viktig bidrag å få til god utnytting av ferskvassfiske som rekreasjon og fritidssyssel. Det bør arbeidast med å få formelt løyve frå grunneigarane til fritidsfiske i flest mogleg vassdrag, gjerne gjennom felles fiskekortordning. Å gjera kjent fiskeplassar i vatn og sjø vil og vera viktige bidra til å auke aktiviteten rundt fritidsfiske.



Foto: Ida K. Vollum

Ønska tiltak i planperioden:

Merke og skilte eit utval fiskeplasser. Ansvar Sveio kommune. Forventa tilskott frå Gjensidigestiftinga etter søknad på prosjektet for innføring av nasjonal standard for merking og gradering av turstiar o.a.

Rydde fiskestader langs bekkar for å tilretteleggje for born og unge i deira nærmiljø. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Betre gytetilhøve i einskilde vassdrag. Ansvar grunneigarar i samarbeid med Sveio kommune. Det bør arbeidast for universell utforming på fleire fiskeplassar. Ansvar Sveio kommune med tilskott til tilretteleggingstiltak frå Hordaland fylkeskommune. Drive aktiv informasjon om vasspest. Vurdere restriksjonar for å hindre spreiling av vasspest til fleire vatn.

7.6 Leikeareal

Det er sett av areal til leikeplassar ved regulering av bustadfelt. Desse er stort sett tiltenkt dei minste borna, med plass til sandkasse og mindre leikeapparat. Ofte fører det til konflikt mellom eldre born/ungdom sin trong t.d. til å spela fotball, og dei minste sitt behov for å leika fredeleg og trygt. I arbeid med reguleringsplanar bør det

vurderast å legge føringar på krav til opparbeiding av eigne aktivitetsområde for born og ungdom. Det bør arbeidast med å opparbeide tilrettelagte nærområde for ungdom som driv fysisk aktivitet som ikkje høyrer naturleg heime i den organiserte idretten. Det er viktig å ta på alvor å legge til rette for at born og unge kan vera fysisk aktive, trass i at dei ikkje finn vegen inn i idrettslaga. Det bør og vera eit mål at born i Sveio har høve til å utfalda seg i fri leik i naturområde som ikkje er spesielt tilrettelagte.

Ønska tiltak i planperioden:

Opparbeide attraktive område for leik og eigenorganisert fysisk aktivitet for born og unge. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med aktørar som t.d. bygdalag, velforeiningar og fau. Finansiert ved søknad om tilskott frå spelemidlane inntil 50% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000 eller inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700.000 alt etter kostnad og type anlegg.

7.7 Friluftsliv som reiselivstilbod

Turistar har tilbod om ein del friluftslivsaktivitetar i Sveio. Sveio golfpark og Ryvarden er dei største aktørene på området. Det er merka ein del turstiar og tilbod om riding fleire stader. Det er mogleg å leige båt og kjøpe fiskekort. Nordsjøsykkelløypa og Nordsjøløypa går langs vestkysten av Sveio. Det vart etablert ein landskapspark, Kystlandsskapsparken, langs sørvestkysten av Sveio i førre planperiode. Det bør arbeidast for å få eit godt tilrettelagt tilbod om aktivitetar for både fastbuande, turistar og andre gjester i kommunen. Det er ønskeleg at tilbod omfattar fotturar, sykling, golf, bad, kano- og kajakkpadling, fiske og riding. Det bør også vera lett tilgjengeleg informasjon om tilboda.

Ønska tiltak i planperioden:

Kartfeste padleruter. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Merke fleire turstiar, spesielt rundløyper – gjerne i område med kulturminne for å styrke turopplinga. Ansvar Sveio kommune i samarbeid med Friluftsrådet Vest og frivillige lag og organisasjonar. Finansiert gjennom tilskott frå Hordaland fylkeskommune og Gjensidigestiftninga.

8.0 Uorganisert aktivitet

8.1 Kommersielle treningscenter

Det er to kommersielle treningscentre i Sveio med lokalisering i Førde og i Sveio golfpark. I tillegg har Sveio IL treningsstilbod i Sambrukshuset (Sveio idrettslag sitt klubbhus).

8.2 Uorganisert aktivitet

Det er stor friluftsaktivitet i kommunen, dette blir mellom anna dokumentert gjennom årsmeldingane til organisasjonane. TELLturregistreringar og talet på dei som har sett namnetrekket sitt i bøker som ligg i postkassar på fjelltoppane rundt om i kommunen, tyder også på høg aktivitet. Det er stor deltaking på friluftsarrangement i regi av friluftsorganisasjonane i kommunen.

8.3 Turkart

I 2014 vart Opplevingskart for Sveio erstatta med eit nytt Turkart for Sveio i målestokk 1:50.000. Kartet inneheld oversikt over turløyper og peiker i tillegg til stader det er verd å besøkje/sjå under vefs på tur. Kartet inneheld informasjon om 45 merka og umerka turstiar. I tillegg er dei viktigaste turstiane i nabokommunane

med i kartet. Her finns turforslag om ein vil gå rusletur i nærmiljøet eller ein meir krevjande topptur, eller noko midt i mellom.

8.4 Merking og gradering

Skilting og gradering med standardiserte fargekodar og symbol er eit tiltak utvikla av selskapet Innovativ fjellturisme as for å hjelpe brukarane med å finne hensiktsmessige turar ut frå eigne føresetnadjar. Graderinga er delt inn i tre: grøne løyper som passar for nybyrjarar utan spesielle ferdigheter, blå løype for middels trente turgåarar med grunnleggande ferdigheter og raud/svart løype for røynde turgåarar. Dei siste åra har det vore merka i alt 15 løyper med standarden. Det er ønskeleg å vidareføre prosjektet, slik at ein med tida får ein meir einsarta merking av turstiar i heile kommunen. Prosjektet blir gjennomført med tilskott frå Gjensidigestiftinga.

8.5 TELLtur

TELLtur er friluftsråda sitt elektroniske system for turregistrering, der ein kan finne nye turmål og registrere resultata ved hjelp av ein SMS eller direkte på nettet. TELLtur er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i regionen og Friluftsrådet Vest og kan nyttast kostnadsfritt både av kommunen og turgåarar. I 2015 var om lag 120 turmål fordelt på 12 kommunar registrert i systemet, som stadig blir utvida. TELLtur har vore ein god inspirasjon for å komme seg ut på tur og gjort at det er fleire som er meir aktive i friluft. I Sveio er turmåla delt opp i to kategoriar: lette turar, egsna for familiar og middels- krevjande turar. Lette turar er til Rossafjellet, Istertveit, Leirvåg, Sveio Golfpark, Mølstrevåg-Ryvarden og Rusletur i Førde. Turar til Trollvassnipen, Hopsfjellet, Dreng, Børshovda, Lyngholm-Ryvarden og Emberlandsnipen ligg inn under middels- og krevjande turmål. I 2015 vart det sett opp premiar innan ulike årsklassar, for å stimulera til aktivitet.



Frå Børshovda. Foto: Ellen Tveit

9.0 Natur, miljø og estetikk

Det er nær samanheng mellom natur, miljø og estetikk og idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Naturen er avgjerande for lokalmiljø. Til dømes vil tilrettelegging i form av ferdsselsårar for mjuke trafikantar, ha ein positiv effekt for både folkehelse og miljø, særleg der dette kan leggast i tilknyting til grønstruktur. Estetikk og oppleving av våre anlegg og friområde er avhengig av vedlikehald og skjøtsel.

9.1 Utmark

Sveio kommune har store område med utmark, skog, fjell, vatn og tilgang og sjø. Uansett kvar ein vel å leggje turen byr områda på mange opplevingar. Utmarka har verdi som allsidig matkammer med bær, sopp og fisk. At områda byr på opplevingar av stillhet og natur med rike høve til fysisk aktivitet gjennom heile året, må ein heller ikkje gløyme.

Mange stader i Sveio, har stiane vi bruker i dag, vore nytta som postveg, kyrkjeveg og som viktige ferdsselsårar mellom bygdene. Registrering av ferdsselsvegane for å få best mogleg oversikt for framtida er viktig. Gjennomføring av t.d.

barnetråkkregisteringar, der ein kartlegg kor born ferdast mellom heim, vene, skule og fritidsaktivitetar er også viktig å få dokumentert for framtida.

9.2 Kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø er spor etter mennesket sin tidlegare verksemd og opphold. Dei krydrar turane og naturopplevingane. Ved å følgje dei gamle vegane føler vi oss nærmere dei som har vandra før oss og som kanskje tilrettela ferdelsårane med murar og klopper. Det er ei eiga oppleveling å eta matpakken ved eit gammalt steingjerde eller på ein nedlagt husmannsplass der det er restar etter bygningar. Naturen og kulturminna bidrar til sanseinntrykk, kunnskap og tankar (T-1474). Spor etter fortida har ein styrke som formidlar historie, fordi kulturminna gjev høve til å komme nær fortida. Til mange stader er det knytt segner og historier.



Tur til bautasteinen i Straumen. Foto: Ida K. Vollum

I kommunen er det mange merka stiar. I tillegg er det stiar og vegar som er blitt til i gammal tid. Fleire har fått namn som knyt dei til historia. «Prestavegen» og «Kongevegen» er døme på slike. Nokre av skilta som etter kvart har kome opp har informasjon om kulturhistoria. Lag og organisasjonar står for vedlikehald og merking av stiar og vegane. Det bør utarbeidast ei liste over dei merka stiane og jobbast med eit fast system for regelmessig vedlikehald. Gjennom prosjektet «Merking og gradering» har det vore merka og sett opp informasjonstavler. Desse turane har også vore publisert på nettstadane www.ut.no og www.telltur.no

9.3 Kulturminneplan

For at folk som kjem etter oss skal kunne oppleva og forstå kulturhistoria, må dei kulturhistoriske verdiane skjøttast. For at ikkje naturen skal ta igjen kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapet, må vi bruke kulturminneplanen aktivt.

Kulturminneplan for Sveio vart vedteke i kommunestyremøte oktober 2015. Denne gjev oversikt over kva kulturminne vi har, kvar dei er i landskapet og seier også noko om korleis dei bør takast vare på i framtida (forvaltningsplan). Det er eit mål å setje opp eitt kulturminneskilt i året, gjerne i tilknyting til turstiar. I 2015 er det opparbeidd nærst og sett opp kulturminneskilt ved Mannaberget i Sveio sentrum.

10.0 Utviklingstrekk i Sveio kommune

Nasjonale undersøkingar viser at idrett og fysisk aktivitet i større grad enn før, blir driven av alle aldersgrupper i befolkninga. 3 av 4 born og unge i alderen 8-19 år fortel at dei driv fysisk aktivitet i mosjonshensikt minst ein gong pr veke. I aldersgruppa 8-12 år svarer nesten 9 av 10 det same (Synovate, barn og ungdomsundersøkinga 2009). Ei utfordring for idretten vil vera å skape interessante og positive tilbod til ungdom, både dei som ønskjer å drive meir tradisjonell trening- og konkurranseaktivitet, og dei som ønskjer ein annan type aktivitetstilbod. I NIF sine idrettspolitiske dokument 2011-2015 har det vore eit mål å ivareta og halde på ungdomsgruppa gjennom å utvikle og legge til rette for varierte aktivitetstilbod i tråd med ungdommane sine eigne føresetnadar, ønskjer og behov. For å kunne utvikle slike tilbod vil det vera naudsynt med meir omfattande og oppdatert kunnskap om årsaker til kvifor ungdom slutter å trenere i idrettslag og ikkje minst kva som kan motivere dei til å halde fram med trening og organisasjonsdeltaking. (www.fhi.no)



Foto: Ida K. Vollum

10.1 Folkehelseprofilen i Sveio kommune

Folkehelsearbeidet er definert som samfunnet si totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje god folkehelse. I dette ligg kva som er naudsynt for å styrke verdiar som gjev det enkelte individet og grupper i befolkninga høve til å ta ansvar, delta, meistre og ta kontroll over eige liv og situasjon.

Folkehelseprofilen er eit bidrag til i kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorane som påverkar denne, jamfør lov om folkehelsearbeid. Statistikken tek for seg fleire indikatorar innan ulike temaområde: om befolkninga, levekår, miljø, levevanar, helse og sjukdom. Temaområda er valde med tanke på moglegheiter for helsefremjande og førebyggande arbeid.

Folkehelseprofilen for 2015 peiker på desse indikatorane for folkehelsa for Sveio:

10.2 Om befolkninga

I aldersgruppa 45 år og eldre er andel av dei som bur åleine lågare enn i landet elles.

Oversiktene er tatt med her for å synleggjere aldersfordeling i befolkninga. Oversikt over fordeling i alder kan vera eit viktig hjelpemiddel i høve målretta planlegging av anleggsutbygging vidare: for kven bygger vi anlegg? kva grupper i befolkning er det viktig å tenke spesielt på når vi planlegg anlegg?

Befolkningsutvikling

	2010	2011	2012	2013	2014
0-17 år	1325	1357	1363	1401	1435
15-24 år	660	689	691	706	727
25-44 år	1285	1329	1365	1424	1419
45-64 år	1290	1291	1291	1336	1331
65-74 år	343	372	412	427	462
75-79 år	125	119	130	124	120
80 år+	202	203	204	206	200
Alle aldrar	4999	5138	5228	5400	5463

Framskrive befolkning

	2020	2025	2030	2040
0-17 år	1343	1441	1510	1641
15-24 år	772	845	944	1032
25-44 år	1631	1765	1840	1981
45-64 år	1390	1507	1695	1979
65-74 år	640	652	892	737
75-79 år	170	254	309	261
80 år+	203	252	361	537
Alle aldrar	6149	6716	7251	8168

10.3 Levekår

Andelen med vidaregåande skule eller høgare utdanning er ikkje forskjellig frå landsnivået. Kommunen er ikkje forskjellig frå landet elles når det gjeld andelen born (0-17år) som bur i hushald med låg inntekt. Låg inntekt vert her definert som under 60% av nasjonal medianinntekt. Andelen 10. klassingar som oppgir at dei blir mobba på skulen er høgare samanlikna med fylket og landet elles. Andel 10. klassingar som oppgir at dei likar seg svært godt eller godt på skulen er noko lågare enn andel for fylket og landet elles. Talet på uføretrygda mellom 18-44 år er ein del høgare enn for fylket og landet, medan det i Sveio er mindre arbeidsledige i aldersgruppa 15-29 år enn i fylket og landet elles.

10.4 Miljø

Tal for drikkevatn mht E.coli og/eller leveringsstabilitet manglar for kommunen.

10.5 Levevanar

Fråfallet i vidaregåande skule er lågare enn landsnivået. Fråfall er likevel ein viktig folkehelseutfordring for mange kommunar som ligg betre ann enn landet. Andelen 5. klassingar som er på lågaste meistringsnivå i rekning er ikkje eintydig forskjellig frå elles i landet.

10.6 Helse og sjukdom

Forventa levealder for kvinner er ikkje eintydig forskjellig frå landet elles. Forventa levealder er rekna ut frå dødelighetsrater dei siste 15 åra. Det er utilstrekkeleg

talmateriale for å vise statistikk på sosiale helseskilnader i kommunen målt som forskjell i levealder mellom utdanningsgrupper. Andel med psykiske symptom og lidingar i alderen 15-29 år er lågare enn i landet elles, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. Andel som blir lagt inn på sjukhus med hjarte- og karsjukdom er høgare enn i landet elles. Denne indikatoren bør vurderast i samanheng med andre indikatorar på hjarte- og karsjukdom.

10.7 Ungdom og fysisk aktivitet

Det generelle biletet på ungdom og treningsaktivitet er som tidlegare vist, det er færre som ikkje trener og fleire som trener mykje. NOVA si undersøking frå 2011 viser at 45% av ungdommene melder tilbake at dei er medlem i eit idrettslag. Dette er den same andelen som seier at dei har trent i eit idrettslag den siste veka.

Undersøkinga viser at trening på treningscenter aukar mest som treningsform blant ungdom. I 2010 oppga 32% at dei hadde trent på eit senter, medan 16% gjorde dette i 1992 (NOVA 2011). Når det gjeld trening i idrettslag ser vi ein svak tendens til at fleire referer til at dei trener i idrettslag i dag enn i 1992. Undersøkinga viser at eigenorganisert trening enda er den dominerande treningsforma blant ungdom. Heile 59% trener på eiga hand. Tala viser at sjølv om deltaking i idrettslag går nedover frå 13 til 17 årsalderen, er omfanget av trening og fysisk aktivitet meir stabil.

Det er grunn til å stille spørsmål om nedgangen i oppslutninga i idrettslaga dreier seg meir om overgang til andre former for fysisk aktivitet enn om fråfall. Dersom det første er tilfelle, er det framleis ei utfordring for idretten og for ein statleg idrettspolitikk, som tek utgangspunkt i at det har ein meirverdi for born og ungdom (og samfunn) å utøve idrettsaktivitet innanfor rammene av eit frivillig og sosialt fellesskap.

8.3 Idrett og fysisk aktivitet hos vaksne

Idrett og fysisk aktivitet har ein sentral plass i mange vaksne liv. Tal frå Norsk Monitor viser at heile 74% av den vaksne befolkninga melder om at dei driv fysisk aktivitet i form av trening eller mosjon på fritida minst ein gong pr veke eller oftare. I 1985 svarte 58% ja på det same spørsmålet. Den klart største andelen av den vaksne befolkninga som trener og mosjonerer regelmessig gjer dette i form av eigenorganisert aktivitet, anten åleine eller saman med familie eller vener. 80% av treningsaktiviteten mellom 20 og 85 år er eigenorganisert. I same aldersgruppe er det om lag 27% av mennene og 18.5% av kvinnene som melder frå om at dei trener i eit idrettslag.

11.0 Idrettsanlegg

Det er registrert 83 anleggsstader for idrettsanlegg i Sveio kommune, med i alt 163 anleggsheter. Ein anleggstad kan ha fleire anleggsheter, t.d. Haugaland golfbane: 18 hol golfbane, turveg, vatningsanlegg og drivingrange. Anlegga ligg rundt om i heile kommunen, med ein hovudtyngde i og rundt Sveio sentrum og i Førde.

10.1 Anleggssituasjon

Anleggssituasjonen i kommunen er generelt god. Sveio kommune har gode anlegg som gjer det mogleg å drive med allsidig aktivitet. Likevel er det ønskeleg å få bygd fleire anleggstypar, sånn at mangfold av typar aktivitetstilbod aukar. Dette er sett på som viktig å ha fokus på utbygging av anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet og

aktivitetsanlegg for born og unge. Det bør prioriterast å ha ein desentralisert utbygging av anlegg og aktivitetar.

Mange av anlegga i kommunen er kommunalt eigde. Kommunen har i tillegg til dei desentraliserte plasserte anlegga, eit hovudansvar for kommuneanlegga som først og fremst ligg i området rundt Vigdartun. Elles ligg anlegg både for organisert og uorganisert aktivitet knytt til nærområde til bustadfelt og skular (Valestrand, Auklandshamn, Buavåg, Lid, Vikse og Sveio). I tråd med utbygging av bustadområder på Vikse/Rophus, bør det vurderast å etablere aktivitetsanlegg her i nærmeste framtid.

9.2 Drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg

Drift og vedlikehald av anlegg for idrett og friluftsliv krev til dels store kostnadars som berre kan reduserast gjennom praktiske planløysingar og materiale som er hensiktsmessige og lette å vedlikehalde. På einskilde område kan Sveio kommune halda utgiftene nede gjennom eit samarbeid i Interkommunalt driftsutval idrettssektoren (IKUI). Fire friområde vert vedlikehalde av Friluftsrådet Vest dels og dels i eit samarbeid med private og/eller frivillige organisasjonar. Ved søknad om spelemidlar til bygging av idrettsanlegg, garanterer kommunen for framtidig drift i 20 år for nærmiljøanlegg og 30 for ordinære idrettsanlegg. Kravet til år med drift er høgt, og krev kontinuerleg og godt vedlikehald for å kunne haldast.

I Sveio kommune er det lite høve til å oppnå driftsinntekter på dei ulike anlegga. Brukarane av idrettsanlegg har litra evne til å betale leige, billettinntekter er minimale (for ikkje å seie fråverande) og høve til å skaffe reklameinntekter er små med eit skritt næringsliv i kommunen. Det er vedteke at delar av drifta av Vigdartun skal dekkast gjennom reklameinntekter. Det er vanskeleg å få reklameinntekter i ein kommune som er fattig på næringsliv som kunne bidratt her. For friluftslivsanlegg er det i liten grad ønskeleg med reklame. Det er lite truleg at tilhøva vil endra seg i vesentleg grad i nærmeste framtid. Det er difor svært viktig at vedlikehaldsutgifter og driftsutgifter blir kartlagt tidleg og tekne med i vurderinga når ein planlegg nye anlegg.

Dei største driftsutgiftene for idrettsfeltet i Sveio kommune er relatert til drift og vedlikehald av idrettshall og grus/gras og kunstgrasbanane. Gode rutinar for vedlikehald, samarbeid med frivillige organisasjonar og effektivitet sikrar vedlikehald. Vedlikehaldet ikkje er likevel ikkje godt nok på alle felt. Det vert igjen rådd til at ein tek ein planmessig gjennomgang av vedlikehaldet av eksisterande idrettsanlegg (inkl. skuleanlegg som fungerer som idrettsanlegg. Ved planlegging av nye anlegg må vedlikehaldsutgiftene kalkulerast og takast med i endeleg vurdering av om anlegget skal realiserast.

Når det gjeld friområda i kommunen, går drift og vedlikehald inn i kontingensten til Friluftsrådet, der FV har det formelle vedlikehaldsansvaret. Andre område langs kysten burde som eit minimum vore rydda kvart år. Eit viktig insitament her kan vera ei godtgjersle for dugnadsarbeide utført av frivillige organisasjonar. SIM har ei slik ordning. På ulike turløyper og stiar må merkinga fornyast jamleg. Dei mest brukte turstiane bør ha ei søppelordning ved start/sluttpunkt for å førebygge forsøpling. Det er også behov for ei søppelordning på dei badestrendene som Friluftsrådet Vest ikkje har ansvar for.

11.3 Avsette driftsmidlar

I kommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av midlar til idrettsformål på ulike budsjett for ulike avdelingar. Midlane fordelast gjennom a) tilskott (driftsmidlar til frivillige lag og organisasjonar sin aktivitet kr. 134.000 b) drift av Vigdartun kr.

140.000 (kulturavdelinga) og drift av kommunen sine utandørsanlegg (Sveio sentralidrettsanlegg med grusbane, friidrettsdel og grasbane og grusbaner elles med kr. 80.000. I tillegg er det avsett midlar til disposisjon av båtrampe i Buavåg for publikum. Årleg tilskott til Bua båtforening er kr. 3.000.

12.0 Målsetting og strategi

Eit hovudmål må vera at flest mogleg i Sveio kommune er mest mogleg aktive kvar dag, der dei bur, går på skule og/eller barnehage og der dei elles er i fritida si. Viktige virkemidlar her er å byggje anlegg som utfyller kvarande i bruk og plassering, som er allsidige og fungerer som gode møteplassar heile året.

Planen har fokus på anlegg som fremjar folkehelsa og i kommande planperiode er det viktig å ha fokus på grupper i befolkninga som ikkje allereie er fysisk aktive. Gjennom bygging av gode attraktive anlegg og stimulering til aktivitet, ønskjer vi å invitere til aktivitet for begge kjønn og for alle aldrar. Auka kjøpekraft i deler av befolkninga fører til at nokre aktivitetstilbod dreier meir mot dei som kan betale for å utøve sin aktivitet. Det er viktig å ta inn over seg, at ei gruppe i befolkninga har behov for tilbod utan store økonomiske barrierar (terskelproblematikk). Det å redusere sosiale ulikskapar og tilrettelegge for fysisk aktivitet for alle er ei utfordring.

Ei målsetting for arbeidet i neste planperiode er å få ei auke i bruk av eksisterande anlegg og friluftsområde og utvikle desse vidare. Spesielt bør det arbeidast med å utvikle anlegg som inviterer til meir fysisk aktivitet for fleire enn dei som allereie er fysisk aktive. Utover å utvikle anlegg på eller ved skulane for både organisert og uorganisert aktivitet, bør det vurderast å bygge ut anlegg nært folketette bustadområder. Viktige områder her er mellom anna Rophus, Sveio sentrum og Førde.

I samband med arbeid med kommunale planar: kommuneplan, sentrumsplan og/eller reguleringsplanar, bør ein sjå på framtidig arealbehov for utbygging av nye og høve til utviding av eksisterande anlegg.

Kjelder:

1. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet
Kulturdepartementet 2014
2. Premiss: KULTUR, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
3. Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015
Kulturdepartementet
4. Folkehelseprofil for Sveio kommune 2015
www.fhi.no
5. Kulturplan for Sveio kommune 2010-2015
6. Kulturdepartementet si idrettsanleggsregistrering
www.idrettsanlegg.no
7. Stortingsmelding 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen
8. Norges idrettsforbund si rapportering for klubbar
<http://idrett.speaker.no> lister levert av Sveio idrettsråd
9. Kommuneplan for Sveio, 2011-2023, samfunnsdel
10. Retningsliner for forskottering av spelemedier i Sveio kommune

Vedlegg:

1. Samarbeidsavtale mellom Sveio kommune og Sveio idrettsråd
2. Prioritert handlingsprogram for bygging av anlegg for idrett og friluftsliv i Sveio kommune 2016



Sveio kommune